

VURDERER DU Å TA UTDANNING SOM TANNHELSESEKRETÆR?

Vestland fylkeskommune tilbyr i regi av Nettskulen ved Firda VGS og i samarbeid med NAV, utdanning som tannhelsesekretær for vaksne i Vestland fylke frå hausten 2022. Etter fullført utdanning kan du søke om autorisasjon som tannhelsesekretær.

Mål:

Stabsleiar i Tannhelsetenesta ser eit auka behov for fleire tannhelsesekretærar i fylket.

Ein tannhelsesekretær sine arbeidsoppgåver.

Tannhelsesekretæren har mange viktige arbeidsoppgåver på ein tannklinikk. Utdanninga gir ei unik moglegheit for å kombinere omsorgsarbeid med serviceyrket. Du vil arbeide tett med pasientar og anna tannhelsepersonell, og du er ein viktig del av tannhelseteamet i tillegg til eigne oppgåver. I møte med pasientar og pårørande står tannhelsesekretæren ofte i fyrste linje. Arbeidet krev difor sjølvstende og evne til å halde oversikt i ein travel kvardag. Tannhelsefaget er i stadig utvikling, og tannhelsetenesta treng personell med god fagleg kompetanse.

Innhald i utdanninga:

- Vg.1 Helse- og oppvekstfag
- Vg.2 Helseservicefag
- Vg.3 Tannhelsesekretær

For meir informasjon om yrket:

<https://utdanning.no/yrker/beskrivelse/tannhelsesekretaer>

Organisering av undervisning:

Undervisninga vil hovudsakleg vere nettbasert med to digitale samlingar per veke. Du må vere budd på fysiske samlingar i løpet av skuleåret. I tillegg er

det opplæring i bedrift ved lokal, offentlig tannklinikk tre dagar per veke. Utdanninga vil krevje *stor eigeninnsats*.

Meir detaljar og informasjon om organisering av undervisninga kjem i god tid før studiestart.

Kven kan søkje?

Er du over 24 år og synast dette høyrast interessant ut?

Er du motivert og har eit ønskje om auka kompetanse i yrket, eller lyst på ei ny fagutdanning?

Då er kanskje dette noko for deg!

Korleis søke?

For å søke på utdanninga går du inn på:

<https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/voksen/soknad-inntak-vo/>

Hugs å legge ved naudsynt dokumentasjon.

I kommentarfeltet skriv du: «Nettskuletilbod Firda VGS».

Søknadsfrist er 1.april, men denne er ikkje endeleg.

Har du fleire spørsmål?

Ta kontakt med:

Torunn Ask (opplæringskoordinator, NAV fylkeskontor Vestland)
e-post: Torunn.Ask@nav.no , tlf. 934 14 103

Ingvild Forbord Fiksdal (seniorrådgjevar – vaksenopplæring)
e-post: Ingvild.Forbord.Fiksdal@vlfk.no , tlf. 474 55 797

Kari Lysgård (prosjektleder og faglærer tannhelse)
e-post: Kari.Irene.Lysgard@vlfk.no , tlf. 404 11 936

Anette Aske Sollid (fagkoordinator og faglærer VO)
e-post: Anette.Aske.Sollid@vlfk.no , tlf. 415 30 633